



Møre og Romsdal
fylkeskommune

JOBing

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		65295/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Ellen Forseth, tlf. 71 28 01 55	23.06.2022

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vik-Selnes - fråsegn ved varsel om oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld nyregulering i eit område som tidlegare er regulert til bustadføre mål, men ikkje realisert. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Dei fleste relevante problemstillingar er løfta fram i oversendinga. Vi har ikkje vesentlege merknader av planfagleg karakter.

Samferdsel

Planområdet er knytt til fylkesvegnettet via kommunal veg, Vikvegen. I planarbeidet må kommunen ta stilling til og vurdere om krysset mellom Vikvegen og fylkesveg 661 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tole den auka trafikken reguleringsplanen kan medføre. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Eventuelle behov for utbetring må bli stilt som rekkefølgekrav i planen, og planomtalen må gjere synleg kva vurderingar som ligg til grunn for forslaget.

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjende med at det er registrert automatisk freda kulturminne i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, til dømes funn av kolhaldige jordlag, eller konsentrasjonar av kol og brent stein, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeidet om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhalde.

Kulturminne frå nyare tid

Nord-aust i planområdet finst eit småbruk med ei lita løe og eit våningshus med namnet "Solbakken". Huset er eit pent forma bustadhus oppført i 1933, med bratt takvinkel og tekt med lappskifer. Truleg har huset tidlegare hatt småruta vindauge. Anlegget gir ei form for identitet til området, samstundes som det har estetiske kvalitetar.

Det er fremma eit ønske om å rive bygningene. Plasseringa ytst i nord-austre hjørne av planområdet gir likevel eit godt grunnlag for ombruk av det staselege våningshuset, samstundes som ein legg til rette for nye bustader og fortetting elles i planområdet. Vi vil rå til dette, også ut frå følgande grunnar:

For å nå dei nasjonale klimamåla om å redusere klimagassutslepp med 50-55% innan 2030, samanlikna med 1990-nivå så vil det vere avgjerande å nytte potensialet i vidare bruk og tilpassa ombruk av bygningar som allereie finst.

Ombruk av bygninger framfor riving og nybygg vil bidra til å redusere klimagassutslepp og behovet for bruk av jomfruelege ressursar. Ved ombruk og forlenging av levetida til bygninger så kan ressursane bli utnytta betre fordi utslepp knytt til bygging allereie har funne sted. Dette kjem i tillegg til kulturhistoriske, estetiske og arkitektoniske kvalitetar - verdiar som er viktige for oppleving og trivsel, og som bidreg til attraktive nærmiljø for nye bebuarar.

Barn og unge

Vi føreset at det blir lagt til rette eigna og store nok fellesareal for leik og aktivitet for barn og unge.

KONKLUSJON

Vi viser til merknader ovenfor og ber om at desse blir tekne omsyn til i det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Ellen Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Signe Marie Midtgård, tlf. 907 80 287

Kulturminne frå nyare tid: arkitekt/rådgivar Ola Hjelen, tlf. 71 28 05 14

Kopi:

Vestnes kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen